

Offentleg ettersyn:

Framlegg om forskriftsendring/ endring av planføresegn til kommunedelplan - høgding av grense for maksimal størrelse på båtmotor i Lom frå 7 hk til 10 hk.

Lom formannskap har i sak 104/2010 lagt fram forslag om endring i kommunale føresegner om bruk av båtmotor på vatn og vassdrag. Endringa gjeld høgding av grense for maksimal motorstørrelse frå 7 hk til 10 hk på vatn og vassdrag over 2 km² utanfor område verna etter naturmangfaldlova.

Endringa vil dermed gjelde for følgjande vatn/ vassdrag:

Tesse, Storevatnet og Ottaelva inkludert Grønfjorden og den delen av Skim som ikkje er omfatta av Risheimsøye naturreservat. I tillegg for den delen av Prestesteinsvatnet som ligg innanfor Lom kommune (Sleive). Resten av Prestesteinsvatnet ligg i Luster kommune, som ikkje har egne vedtekter for motorstørrelse for vatn over 2 km².

Høyvatnet og Langvatnet, som begge er over 2 km², ligg innanfor område verna etter naturmangfaldlova der det er forbod mot bruk av båtmotor i følgje verneforskriftene. For Risheimsøye naturreservat er bruk av motorbåt tillate når farten er under 5 knop og det blir synt spesiell aktsemd overfor fuglelivet (verneforskrifta paragraf V punkt 6).

Formannskapet sit vedtak 16.12.2010:

Det blir gjort framlegg om endring i Planføresegner til kommunedelplan for motorferdsel i Lom kommune, vedtekne av Lom kommunestyre 14.10.2003. Punkt 6 i planføresegnene vil etter dette lyde slik:

6. Reglar for bruk av motorfarty på innsjøar/ vassdrag

6.1 På vatn/ vassdrag under 2 km² er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor.

6.2 På øvrige vatn/ vassdrag utanom verneområde er det lov å nytte motorbåt med motor inntil 10 hk.

6.3 Forbod mot bruk av vass-scooter o.l.: Det er ikkje høve til å nytte vass-scooter, vassjet, aquabike eller liknande farkostar på noko vatn eller vassdrag innan Lom kommune.

På same måte blir det gjort framlegg om endring i Forskrift om start og landing med luftfartøy og motorisert ferdsel på vassdrag i Lom kommune, Oppland, vedteken av Lom kommunestyre 19.06.1997. Punkt 2 i forskrifta vil etter dette lyde slik:

2. Bruk av motorbåt

a) På Høyvatnet og Langvatnet i Leir- og Bøverdalen statsallmenning er det ikkje tillate å bruke motorbåt eller båt med påhengsmotor.

b) På vatn/vassdrag der det er lov å nytte motorbåt, er det ikkje lov å bruke motorar som er større enn 10 hk

Framlegg om forskriftsendringar blir gjort på bakgrunn av at båtmotor på inntil 10 hk vil kunne gje sikrere manøvrering under vanskelege straum- og vindtilhøve. Forskriftsendringane vil ikkje kome i konflikt med dei omsyn som kommunedelplan for motorferdsel i Lom skal ivareta. Forskriftsendringane er vurdert etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8 – 12 i Naturmangfaldlova.

Endringsframlegget blir lagt ut til offentlig høyring i minimum 6 veker frå kunngjeringsdato.

Framlegget vil deretter bli teke opp til endeleg politisk behandling i kommunestyret.

Endringsframlegget blir lagt ut til offentlig høyring i perioden 23.12.2010 – 08.02.2011.

Høyringa er kunngjort ved annonse i Fjuken 23.12.2010. Sakspapir er lagt ut til gjennomsyn i ekspedisjonen på Midtgard og på Lom Folkebibliotek. Spørsmål kan rettast til Sander Sælthun - tlf. 61217333 eller e-post sander.saelthun@lom.kommune.no

Merknader til forslaget må vere sendt Lom kommune seinast 08.02.2011.